




HAREID KOMMUNE



Kompetanseplan for skulane i Hareid kommune

2013 -2016



Utarbeidd av	Sektor for oppvekst og Utdanningsforbundet Hareid
Dato	Februar 2013

Godkjent av	
Dato	



Innhold

Innleiring	s.4
Lovgrunnlag	s.5
Opplæringslova	
Hovudavtalen	
Nasjonale satsing på etter og vidareutdanning 2012 -2015	s.5
Nasjonal strategi for etter og vidareutdanning 2012-2015	
Kommunal målsetting for kompetanseutvikling	s.7
Kommunale prioriteringar – pedagogisk personale	
Kommunale prioriteringar – skuleleiarar	
Regionale prioriteringar	
Frå det kommunale handlingsprogrammet 2013- 2016	
Kartlegging av kompetanse blant lærarane i skulane i Hareid	s.8
Vidareutdanning	
Etterutdanning/kompetanseheving	
Handlingsplan i perioden 2013-2016	s.10
Økonomi	s.11
Gjennomføring og oppfølging av planen	s.12
Framdrift	
Rutinar eller system for oppfølging av planen	
Økonomiske konsekvensar	
Evaluering og oppfølging av kompetansetiltaka	s.12
Litteraturliste	s.13

Innleiing

Kompetanseheving er nødvendig for å skape betre læringsresultat i skulen. Nasjonale og internasjonale studie viser at høg fagleg kompetanse betyr mykje for elevane si læring.

«*Lærernes kompetanse er den aller viktigste enkeltfaktoren for elevenes læring når en ser bort fra elevenes bakgrunn. Læreren må ha både faglig og pedagogisk kompetanse.*».
(St.meld. nr. 31 «Kvalitet i skolen»)

Vidare frå same stortingsmelding: «*Rektorer og den øvrige skoleledelsen er viktig for elevenes utbytte av opplæringen. Skoleledernes kompetanse har stor betydning.*»

I samarbeid med Utdanningsforbundet i Hareid, har kommunen utarbeidd ein plan for kompetanseutvikling for det pedagogiske personalet og skuleleiarane i kommunen.

Kompetanseplan for grunnskulen i Hareid er forankra i:

- Opplæringslova
- Hovudavtalen
- Nasjonale og regionale satsingsområde
- Kommunale føringer

Planen skal vere:

- eit grunnlagsdokument med fastsette satsingsområde for kommunen og for utarbeiding av skulane sine eigne kompetansesplanar
- eit grunnlagsdokument for å søkje om statlege kompetanseutviklingsmidlar

I planen vil kompetanseutviklingstiltaka hovudsakleg bli delt i to kategoriar:

- **Vidareutdanning:** Kompetanseheving på høgskule/universitetsnivå som gir formell kompetanse i form av studiepoeng. Fagleg fordjuping i eit fag, kan og vere ein del av eit masterprogram.
- **Etterutdanning:** Kurs eller liknande som ikkje gir studiepoeng eller fører til ein grad. Etterutdanning fører til auka fagleg kompetanse som kjem elevane/kollegaene/skulen til gode.

Lovgrunnlag

- **Opplæringslova**

§ 10-8. Kompetanseutvikling

«Skoleeigaren har ansvar for å ha riktig og nødvendig kompetanse i verksemda. Skoleeigaren skal ha eit system som gir undervisningspersonale, skoleleiarar og personale med særoppgåver i skoleverket høve til nødvendig kompetanseutvikling, med sikte på å fornye og utvide den faglege og pedagogiske kunnskapen og å halde seg orienterte om og vere på høgd med utviklinga i skolen og samfunnet.»

- **Hovudavtalen**

3.3 Kompetanse – læring og utvikling

«Kompetanse og kompetanseutvikling har stor betydning for den enkelte ansatte, kommunen/fylkeskommunen og samfunnet. Dette gjelder både videregående opplæring, høyskole- og universitetsutdanning, voksenopplæring, etter- og videreutdanning, kompetansegivende oppgaver og utvikling av realkompetanse. For å sikre og utvikle virksomhetens generelle og spesielle kompetanse er det viktig å vurdere den enkelte ansattes formal- og realkompetanse og stimulere til kompetansehevende tiltak.

Det er viktig at arbeidstakerne motiveres til å øke sine kunnskaper og styrke sin kompetanse samt at kommunene/fylkeskommunene legger stor vekt på målrettet og planmessig opplæring og utvikling av sine arbeidstakere gjennom interne og/eller eksterne tilbud. Arbeidsgiver og den enkelte arbeidstaker har hver for seg og i fellesskap et ansvar for å ivareta kompetanseutviklingen.

Arbeidsgiver har ansvar for å kartlegge de ansattes kompetanse og analysere kommunens/fylkeskommunens kompetansebehov. På denne bakgrunn og etter drøftinger med de tillitsvalgte, skal det utarbeides en plan for gjennomføring av kompetansehevende tiltak.»

Nasjonal satsing på etter- og vidareutdanning 2012 - 2015

Under Kunnskapsløftet har det, frå statleg hald, vore ei tilrettelegging for kompetanseutvikling av lærarar, både som vidareutdanning og etterutdanning. Strategien Kompetanse for kvalitet – strategi for vidareutdanning av lærarar, er eit nasjonalt samarbeid om kompetanseutvikling mellom KS, lærarorganisasjonane, Nasjonalt råd for lærarutdanning og statlege utdanningsmyndigheter. Den statlege strategien er utgangspunktet for arbeidet med Hareid kommune sin plan for kompetanseutvikling for 2013 – 2016.

Det overordna målet for strategien Kompetanse for kvalitet er å betre elevane sitt læringsutbytte. Dette blir gjort gjennom å satse på etter- og vidareutdanning av lærarar og på rektorutdanning. Kompetente lærarar med høg fagleg og pedagogisk kompetanse og kompetente skoleleiarar er ein viktig føresetnad for elevane si læring.

Krav til kunnskap endrar seg over tid og fører med seg nye og endra krav til lærarane sine kunnskapar. Difor er lærarane si kvalifisering ein kontinuerleg og livslang prosess. Det er og ei utfordring at mange lærarar i grunnskulen ikkje har nok fagleg fordjuping med studiepoeng i dei faga dei underviser i.

Vidareutdanning skal i første rekke rettast mot dei fagområde og emne som det på landsbasis er behov for å styrke. Kunnskapsdepartementet gjer det klart at høgare fagleg kompetanse vil gi profesjonelle lærarar med betre omdømme og høgare status i samfunnet.

Den grunnleggjande kvalifiseringa til læraryrket skjer i lærarutdanninga. For yrkesaktive lærarar skjer den kontinuerlege kompetansebygginga gjennom m.a. rettleiing, etterutdanning, vidareutdanning og læring gjennom lokal skuleutvikling. Til saman legg dette grunnlaget for lærarane sin livslange kompetanseutvikling.

Nasjonal strategi for etter og vidareutdanning 2012 – 2015

I strategiperioden vert følgjande fag og område innan vidareutdanning prioritert:

- Vidareutdanning i faga norsk og samisk, matematikk og engelsk
- Vidareutdanning i leseopplæring og rådgjeving
- Tilbod i faga mat og helse, kroppsøving, musikk og kunst og handverk
- Utvikling og tilbod til lærarar i andrespråkspedagogikk

Vidareutdanning skal vere med til å redusere delen av lærarar i grunnskulen som har lav formell fagleg fordjuping i faga dei underviser i. Vidareutdanning som vert omtala i strategidokumentet vil gi deltakarane ei vidareutdanning i inntil 60 studiepoeng i dei einskilde fag eller område. Studia skal vere bygd opp av modular som til saman gir 60 studiepoeng i faget/området. Dei skal normalt vere på minst 15 studiepoeng for å gi god fleksibilitet for lærarar og skuleeigarar.

Statlege prioriteringar for etterutdanning av lærarar 2012 - 2015:

- Rekne- og leseopplæring
- Klasseeleiing
- Vurdering for læring
- Spesialpedagogikk
- Andrespråkspedagogikk
- Fag- og yrkesopplæring

Rektordanning i strategiperioden:

- Nasjonalt utdanningstilbod vert vidareført. Målet er å styrke skuleleiarar sin kompetanse gjennom det nasjonale rektorprogrammet.

Kommunal målsetting for kompetanseutvikling

- ⊕ Vidareutvikle undervisninga generelt slik at ein oppnår vilkår for læring for den enskilde elev
- ⊕ Legge tilhøva til rette, slik at ein motiverer til innsats hos elevane
- ⊕ Eit mest muleg målretta kompetanseutviklingsarbeid
- ⊕ Kompetanseutviklingsarbeidet skal ha som mål å innfri dei nasjonale og lokale målsettingane i ulike planverk.

Kommunale prioriteringar – pedagogisk personale

Frå gjeldande plan for kompetanseutvikling

- ⊕ Matematikk/rekning
- ⊕ Lesing
- ⊕ Engelsk
- ⊕ Klasseleiing
- ⊕ Spesialpedagogikk, knytt til ulike diagnosar/enkeltelevar
- ⊕ Elektronisk læringsplattform

Kommunale prioriteringar - skuleleirarar

Frå gjeldande plan for kompetanseutvikling

- ⊕ Leiing /administrasjon knytt opp mot innføring av sjølvstendige resultateiningar
Eksterne/interne kurs
- ⊕ Økonomi – system og styring. Intern opplæring, eventuelt eksterne kurs
- ⊕ Administrative oppgåver, leiing generelt. Eksterne kurs
- ⊕ Skuleleiing

Regionale prioriteringar

Hareid kommune er ein del av nettverket på skuleområdet «Sjustjerna» (Hareid, Ulstein, Herøy, Sande, Vanylven, Ørsta og Volda). Nettverket har eit formalisert samarbeid på kompetanseutvikling.

Det er tilsett ein nettverkskoordinator som m.a. legg til rette for kompetanseutvikling i skulane i samarbeid med universitet /høgskular i området. Skuleåret 2012/2013 vert det i samarbeid med Høgskulen i Volda, arrangert etterutdanning innanfor desse fagområda:

- ⊕ Rekning i alle fag, barnesteget
- ⊕ Vurdering i praktisk-estetiske fag
- ⊕ Skuleleiing

Frå det kommunale handlingsprogrammet 2013-2016

Hovudutfordringar i Hareid kommune er rekruttering, kompetanse og kvalitet.

Overordna og langsiktige mål (utdrag):

- Å yte gode tenester i tråd med lover og regelverk som gjeld for sektoren
- Syte for tilstrekkeleg og kompetent personale i alle stillingar også i åra som kjem, då pedagogisk personale generelt vert mangelvare på landsbasis.
- God kvalitet

Kortsiktige mål (utdrag)

- Rekrutteringstiltak
- Styrke leiarskap på alle nivå i sektoren
- Kompetanseheving, særleg innan spesialpedagogiske emne

Strategiar (utdrag):

- Rekrutteringstiltak: lokalt og i samarbeid med kommunane i nettverket Sjustjerna, Høgskulen i Volda og eigne tilsette som gode ambassadørar.
- Opplæringsprogram for einingsleiarar
- Plan for kompetanseutvikling
- Skulebruksplan

Kartlegging av kompetanse i skulane i Hareid kommune

Formell kompetanse: Vi har registrert den formelle kompetansen i faga som lærarane underviser frå 10 vekttal eller 30 studiepoeng og oppover.

Fag	1/2 årseining eller meir	Årseining eller meir		
	10 -15 vekttal	30 – 55 st.poeng	20 eller fleire vekttal	60 eller fleire st.poeng
Norsk	16	6	7	5
Matematikk	6	9	2	0
Engelsk	5	1	8	1
Kroppsøving	1	0	8	5
Naturfag	6	2	1	1
Kunst og handverk	4	0	3	0
Mat og helse	2	2	1	1
Spes.ped/sos.ped	2	1	0	4
Leiarutdanning	2	1	0	3
IKT	0	2	1	2
Musikk	2	0	2	0
Andrespråksped.	0	0	0	0

Vidareutdanning

Med utgangspunkt i føringar i Handlingsprogram 2013-2016 for Hareid kommune og i samsvar med dei definerte grunnleggjande ferdighetene i kunnskapsløftet (lese, rekne, utrykkje seg munnleg og bruke digitale verkty), viser kompetanseregistreringa at skulane har behov for vidareutdanning i:

- Matematikk/rekning
- Norsk
- Engelsk
- Sosialpedagogikk/ spesialpedagogikk
- Andrespråkspedagogikk*
- Musikk
- Naturfag

*Kommunen har etter kvart fått ein stor del elevar med annan språkleg og kulturell bakgrunn. Det er eit stort behov for kompetanseheving i andrespråkspedagogikk.

Etterutdanning/kompetanseheving

Skulane har også meldt behov for etterutdanning/kompetanseheving i desse fagområda:

- Matematikk / rekning, barnesteget
- Norsk
- Engelsk
- Klasseleiing, alle klassesteg
- Sosialpedagogikk, alle klassesteg
- Spesialpedagogikk, alle klassesteg
- IT, alle klassesteg
- Andrespråkspedagogikk, alle klassesteg
- Musikk
- Naturfag, Barneskulen
- Rådgjeving/arbeidsmiljø, alle klassesteg
- Kunst og handverk
- Tysk, ungdomssteget

Handlingsplan i perioden 2013-2016

Handlingsplanen er utarbeidd i samsvar med

- vedtekne kommunale satsingsområde
- resultata frå kompetansekartlegginga
- skulane sine meldte behov for etterutdanning/kompetanseheving

Tiltak	Tid	Fagleg ansvarlege
Skuleleiarar (rektor/assisterande rektor/inspektør)		
Skuleleiarmøte	1 gong pr. mnd	Hareid kommune /Interne og eksterne
Leiarsamlingar med faglege tema	3 dagar pr år	Skulenettverket - Sjustjerna
Rettleiing	2013-2016	Hareid kommune i samarbeid med eksterne
Skuleleiing	2013-2016	Hareid kommune i samarbeid med eksterne
Administrative verkty	2013-2016	Hareid kommune event. i samarbeid med eksterne

Vidareutdanning		
Tiltak	Tid	Fagleg ansvarlege
Matematikk	2013-2016	Hareid kommune/Høgskule /nettbasert
Norsk	2013-2016	Hareid kommune/Høgskule /nettbasert
Engelsk	2013-2016	Hareid kommune/Høgskule /nettbasert
Sosialpedagogikk	2013-2016	Hareid kommune/Høgskule /nettbasert
Spesialpedagogikk	2013-2016	Hareid kommune/Høgskule /nettbasert
Andrespråksped.	2013-2016	Hareid kommune/Høgskule /nettbasert
Etterutdanning		
Tiltak	Tid	Fagleg ansvarlege
Norsk	2013-2016	Høgskulen i Volda/Skulenettsverket Sjustjerna
Engelsk	2013-2016	Høgskulen i Volda/Skulenettsverket Sjustjerna
Klasseleiing	2013-2016	Hareid kommune /Skulenettverket Sjustjerna
Sosialpedagogikk	2013-2016	PPT/ Hareid kommune/eksterne
Spesialpedagogikk	2013-2016	PPT/ Hareid kommune/eksterne
Musikk	2013-2016	Høgskulen i Volda/Skulenettsverket Sjustjerna
Naturfag	2013-2016	Høgskulen i Volda/Skulenettsverket Sjustjerna
Rådgjeving	2013-2016	Høgskulen i Volda/Skulenettsverket Sjustjerna
Kunst og handverk	2013-2016	Høgskulen i Volda/Skulenettsverket Sjustjerna
Vurdering	2013-2016	Høgskulen i Volda/ Skulenettverket Sjustjerna
IKT	2013-2016	Hareid kommune / IT-ansvarlege ved skulane/Eksterne

Sektor for oppvekst vil legge til rette for at det i kommunen blir danna nettverksgrupper for:

- Erfarings/kunnskapsdeling
- Utviklingsarbeid/prosjektarbeid.

Økonomi

«Strategi for etter og videreutdanning 2012-2015» har som utgangspunkt at dei som melder seg på vidareutdanning tar 30 studiepoeng (minimum 15 st.p og maksimalt 60 st.p) pr. undervisningsår.

Med utgangspunkt i ei gjennomsnittslønn i skulen vil det for 30 studiepoeng gi ca. slik kostnad(i 2013 kr):

Kostnadsfordeling	I kr - 30 studiepoeng	I kr – 15 studiepoeng
Staten dekker	Ca 120 000	Ca 60 000
Kommunen dekker	Ca 120 000	Ca 60 000
Kommunen dekker i tillegg utgifter til reise, opphold, læremiddel og anna til studiet		

Gjennomføring og oppfølging av planen

Framdrift

Tiltaka skal gjennomførast innanfor planperioden. Dei ulike tiltaka vert innarbeidd i skulane sine årlege planar – med det etterhaldet som er teke i punktet under om økonomiske konsekvensar.

Rutinar eller system for oppfølging av planen

Nokre av tiltaka/satsingsområda vil vere relevante som resultatmål vedtekne i økonomiplanen, andre vil vere ein del av skulane sine eigne utviklingsplanar/ordinær drift. Kva som blir prioritert kvart år, skal gå fram av økonomiplanen med rapportering i skulen si årsmelding til kommunestyret og kommunen si årsmelding.

Skulane sine planar dannar, saman med skuleeigar si sjølvstendige vurdering, grunnlaget for kommunen sin søknad om statlege midlar til vidare- og etterutdanning.

Økonomiske konsekvensar

Nokre av tiltaka vil kunne gjennomførast innanfor eksisterande budsjett og ekstern finansiering. Moglege behov for auka løyvingar vert vurdert i samband med økonomiplanen kvart år. Gjennomføring av kompetanseplan vil vere avhengig av budsjetttrammene skulane har til ei kvar tid.

Evaluering og oppfølging av kompetansetiltaka.

Skulane rapporterer årleg status for gjennomføring av planen som ein del av skulen si årsmelding og kommunen si årsmelding.

Planen vert evaluert hausten 2014.

Litteraturliste

Opplæringslova

Hovudavtalen

Hareid kommune: Handlingsprogram for 2013-2016

Stortingsmelding nr. 31 – (2007-2008) Kvalitet i skulen

Strategi – Kompetanse for kvalitet – Strategi for etter- og vidareutdanning 2012-2015

Strategi for ungdomstrinnet – Motivasjon og mestring for bedre læring